

Dør og Vindusvern as

Tekking av gavler, Ålesund kyrkje

Viser til synfaring 13 oktober samt referat frå denne.

Tekking av gavlane samt beslag som går i skottrenner er eit tiltak som bør ha svært høg prioritet, det er synleg inntrenging av vatn i kyrkja.

Det er montert ei prøvetekking på inngangen nord-aust som har god funksjon. Denne vart diskutert og det var ynskje om å redusere nedtrekk på sidene. Etter ein kort tlf. med utførande blikkenslager vart det sett på ei muligheit å redusere frå 14 cm til minimum 8 cm.

Vi har i ettertid hatt møte med blikkenslageren og sett på detaljane. Det viser seg at avtrappingar i gavlstein er så store at det er ikkje ynskjeleg å ha mindre nedtrekk enn 10 cm, (ang avtrapping sjå kopi av teikning). Når vi legg saman 2 cm fals + 2 cm plate + 4 cm avtrapping + 2 cm nedtrekk, 10 cm, er dette eit minimum.

Vi vil tilrå at dette er minimum nedtrekk på dei små gavlane, men på aust og vestsida tilrår vi, i samråd med blikkenslager, at gavlane får eit nedtrekk på minimum 14 cm, sjå vedlagte bilder av forholdet mellom stein og beslag. Når det gjeld avtrapping vil vi foreslå å legge dei tversgåande falsane tilnærma likt det som er i stein tekkinga. Dette vil ta igjen noko av det visuelle inntrykket. Det er nokre av steinane som er forvittra, desse bør bytast ut. Der er også fuger som bør reinsast for fugemasse og spekkast om att, samt reparere dei verste fugene når stilas er oppe.

Til tekking må det nyttast kopar, alt festemateriell må vere syrefast stål, papp av god kvalitet under tekking som går i skottrenner, plater under tekking vannfast x-finér av høg kvalitet.

Kanter på utside bør ha vulst, dette gir bedre stivheit, samt leder vatnet heilt ned. All innfesting bør vere skjult.

Det kjem stadig signal om at veret vil bli heftigare både i forhold til vind og regn og at det må tenkjast meir på skallsikring av byggja vi forvaltar, Ålesund er eit område med mykje nedbør i kombinasjon med vind. Dette meiner vi må takast spesielt omsyn til.

Dør og Vindusvern AS

Ålesund kyrkje har vernestatus listeført og alt arbeid må utførast etter gjeldande retningslinjer.

Med helsing


02.11.2021

Maria Stornes
Dør- og Vindusvern AS

Otto Stornes

2 Vedlegg:

- Bilde som viser forholdet mellom stein og beslag.
- Kopi av teikning som viser avtrapping.



Geir Peter Aure

Fra: Otto <otto@dov.no>
Sendt: mandag 1. november 2021 19:07
Til: Geir Peter Aure
Emne: Fwd: Ålesund kyrkje

Sendt fra min iPhone

Videresendt melding:

Fra: post@dov.no
Dato: 1. november 2021 kl. 15:14:25 CET
Til: Otto Stornes <otto@dov.no>
Emne: Ålesund kyrkje





Sendt fra min iPhone


Geir Peter Aure

Fra: Otto <otto@dov.no>
Sendt: mandag 1. november 2021 19:11
Til: Geir Peter Aure
Emne: Fwd: Ålesund kyrkje

Sendt fra min iPhone

Videresendt melding:

Fra: post@dov.no
Dato: 1. november 2021 kl. 19:09:37 CET
Til: Otto Stornes <otto@dov.no>
Emne: Ålesund kyrkje



Sendt fra min iPhone



Sendt fra min iPhone